


Forvirrande følelsar

Det du viser på skjermen:	Handling
Opne sida	Introduser måten å jobbe på: Vi skal ha ei lita temapøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmene og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i barnehagen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.
	Vis filmen Forvirrande følelsar (Hjertehjulet) - YouTube
Her kan de velje mellom ulike oppgåver, eller de kan bruke begge om de har meir tid eller til ulike tider.	
	Sjå på hjertehjulet som vart presentert i filmen, og snakk saman om korleis dette kan vere nyttig i kvardagen for å forstå seg på eigne og andre sine følelsar.
	Dette er eit anna følelseshjul. Her har vi forsøkt å visualisere samanhengen mellom kjernefølelsane våre og alle dei andre følelsesuttrykka som vert brukt i daglegta. Bildet er ikkje ein fasit, men kan likevel vere nyttig for å sjå spekteret av følelsar, nyansane i det vi føler og litt korleis dei heng saman. Sjå på denne litt saman, print den gjerne ut slik at de kan studere den litt og snakke om det de ser, og kva tankar det gir.
Grå boks øvst – lær meir om dette	Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.